

---

<b>Til:</b>	Fylkesutvalet Fylkestinget
<b>Frå:</b>	Ungdommens fylkesutval

---

**Referanse**  
2014/560-128

**Dato**  
10.11.2014

## **Uttale til budsjett 2015, økonomiplan 2015-2018 - frå Ungdommens fylkesutval**

Etter å ha lest budsjett 2015, Økonomiplan 2015-2018 ønskjer Ungdommens fylkesutval å applaudera fylkesrådmannen for at Ungdommens fylkesting får eit auke i midlar for 2015. Dette set me utruleg stor pris på, og det gjer at me kan få jobbe meir med våre sakar i 2015. Me ynskjer og å kommentere ein del andre punkter i budsjettet.

Under punktet samferdsel meiner Ungdommens fylkesutval følgjande:

I forslaget til budsjett grunnar Fylkesrådmannen ein auking av bussprisane med at den generelle lønnsaukinga blant befolkninga er på 62%, og at det derfor er grunnlag for å auke takstane. Dette meiner Ungdommens fylkesutval er feil. Det er fordi ei lønnsauking ikkje er å finne blant ungdom. Mange ungdommar har ikkje jobb utanom skule, og for dei vil det være ei stor økonomisk påkjenning ved auking av prisane. Ungdommens fylkesutval foreslår derfor at prisen på Ungdomsbillett 30 dagar blir på 310 kr.

Under punktet opplæring meiner Ungdommens fylkesutval følgjande:

Ungdommens fylkesutval stillar seg positivt til at det utdelast meir midlar til IKT i læringsarbeid. Men me meiner at kvar einskild elev skal ha tilbod om tradisjonelle alternativ i læringsarbeidet, visst dei måtte ynskje det.

Ungdommens fylkesutval meiner og at budsjettet skal gje fleire midlar til rådgivingstenesta, med fokus på deira stillingsprosent og tilgjengelegheit. Kor utbreidd rådgivingstenesta er skal reflektere talet elevar ved skulen dei er rådgivar på. Uavhengig av elevtalet bør skulane ha ein rådgivar med minimum 50% stilling. Ungdommens fylkesutval meiner at det i budsjettet skal setjast av midlar til oppretting av eit elev- og lærlingombod. Til dags dato har lærlingane ingen kontaktpersonar dei kan gå til visst dei har problem på sin lærlingplass, i motsetning til elevar som har elevrådet. Dette meiner Ungdommens fylkesutval er svært urettferdig, og at det favoriserer elevar framfor lærlingar. Det har vist seg at lærlingar frå Hordaland fylke har kontakta elev og lærlingombod i Rogaland fylke. Dette ser Ungdommens fylkesutval som eit teikn på at det er eit stort behov for eit elev og lærlingombod.

Under punktet tannhelse meiner Ungdommens fylkesutval følgjande:

Ungdommens fylkesutval ser at budsjettet er basert på eit vedtak av Tannhelsetenesta Klinikkstrukturplan 2015.2013. Me i Ungdommens fylkesutval meiner at kutta i klinikkplanen i henhold til strukturplanen ikkje fremjar eit godt tannhelsetilbod for ungdom som bur i distrikta. Etersom planen legger opp til uheldbare

reisetider for dei ungdommane i distrikta utan bil (sjå Ungdommens fylkesutval sin uttale til Tannhelsetenesta Klinikstrukturplan 2015.2013)

Under punktet kultur meiner Ungdommens fylkesutval følgjande:

Det skal jobbas for at offentlege bygg skal bli lettare tilgjengelig for utlån, særleg fleire opne idrettsfasilitetar og fleire gratis øvingslokalar for utvikling av musikkmiljøet. Dette meiner me skal få meir midlar i budsjettet, då dette er eit viktig tiltak for ungdom i fylket. (Me har skriven meir om dette i uttala som vart sendt til administrasjonen tidligare i år.)

Med helsing

Agnes Hoshovde Bernes  
leiar